



Foto: Mikkjell Lønning

Oddbjørn og Bjørn Egil hamna i marerittsak med staten: – Dei har tatt frå meg mine beste år

Bjørn Egil Lund og Oddbjørn Gramstad tente fleire millionar i året og hadde omfattande kundemasse. Det forsvann nesten over natta då Skatteetaten kom bankande. No vil dei ha erstatning for å ha brukt eit tiår av liva sine på å kjempe mot feilaktige vedtak.

 Av [Mikkjell Lønning](#)

Publisert 25. januar 2021

JULEBYGDA: Sjå for deg at du vaknar om morgonen. Dagslyset har så vidt byrja med å snike seg inn i gardinene, og du set deg opp i senga. Ei blåmeis kvitrar i veg utfor vindaugget. Du brukar nokre sekund på å strekkje armene mot taket, geispe og tørke vekk søvn frå augo.

Så kjem det som ein knyttneve.

Klumpen i magen.

ANNONSE



Bli kvitt 26 kg med et merkelig 1930-triks

Denne metoden før krigen kutter fett på magen, baken og hoftene umiddelbart

[Åpne](#)

– Det går ti sekund, så kjem han. Kvar. Einaste. Dag. Den helsikkens momssaka, seier Bjørn Egil Lund (57).

Saman med forretningspartnar Oddbjørn Gramstad (66) har Lund stått i ein kamp mot Skatteetaten i over eit tiår.

I 2007 tente Lund 7.177.274 kroner medan Gramstad håva inn 9.364.017 kroner. Nokre år seinare sat Gramstad med 7000 kroner utbetalt i månaden og var heilt avhengig av inntekta til kona for å klare seg.

Korleis kan noko slikt skje?

Vil ha gigantisk erstatning

Det er 15. desember 2020, og Gramstad og Lund har invitert Sandnesposten på kaffi og drøs i «Kranglebuå». På veggen heng det ein drøss med innramma dokument. Korrespondanse mellom dei, advokatar, klagenemnder, Skatteetaten og Skattedirektoratet.

Att og fram.

Elleve år med historie, elleve år som har slukt opp all tid og energi frå dei to næringslivsprofilane.

I eit hjørne har Lund hengt opp eit bilete av skodespelar James Gandolphini, han som er kjend som Tony Soprano i tv-serien Sopranos. Her i Kranglebuå gjer han rolle som skattedirektør.

På bordet står det rekkje på rekkje med fullstappa dokumentpermar. Meir historie. 42 vedtak, titusenviis av sider og tusenviis av timar med arbeid.



SIGERSHJØRNE: Bjørn Egil Lund peikar på paragrafen som blei redninga deira i den andre saka. Foto: Mikkjell Lønning

Både Gramstad og Lund kan datoane for kvart møte, varsel og vedtak frå saka i hovudet.

Sidan 2009 har dei kjempa med nebb og klør mot Skatteetaten. Det byrja med eit krav om å betale store summar i moms på noko dei ikkje skulle ha moms på i det heile. Og då det kom fram at Skatteetaten hadde tatt feil, kom det endå ein runde.

Det òg enda med full frifinning for begge to.

På vegen har dei jobba dag inn og dag ut med å setje seg inn i skattejuss, domstolssaker, lovar og reglar og samstundes slått hovudet mot veggen i dialog med saksbehandlarar i Skatteetaten.

Alt på si eiga rekning, samstundes som det offentlege har tæra på skattebetalarane sine pengar.

Snart kan saka deira kome opp i Oslo tingrett. Dei har saksøkt Skatteetaten for å få erstatninga dei meiner dei har rett på. Lund har fremja eit erstatningskrav på rundt 51 millionar kroner basert på snittinntekt mellom år 2000 og 2010. Gramstad krev erstatning på 27 millionar kroner.

Tala er basert på tapt inntekt mellom 2010–2020 og framtidig, venta inntekt mellom 2020 og 2023.

– *Kor reelle er desse krava?*

– Det er basert på snittinntektene våre fem år i forkant, med både gode og dårlege år, seier Lund.

Sjå svaret frå Skatteetaten i slutten av artikkelen.

USA-eventyr

Me skurr klokka tilbake.

Tidleg på 2000-talet var Gramstad og Lund med på å starte Finanssenteret AS, som driv med finanstenester på vegner av kundar. Dei etablerte seg eit godt rykte og ein stabil, omfattande kundemasse.

Slikt blir det gode pengar av.

Begge to selde seg ut av selskapet i 2007–2008 medan Finanssenteret AS hadde rundt 50 tilsette. I dag heiter selskapet Kraft Finans AS, og har kjøpt eigedomar for milliardbeløp i løpet av få år.

Vidare såg saksøkarane store moglegheiter til å tene pengar i kjølvatnet av finanskrisa i USA. Bustadprisane i USA var på eit botnpunkt og dollaren var nede på fem kroner. Gramstad og Lund etablerte selskapet Florida 1 AS, som skulle drive med sal og kjøp av eigedom og valuta i USA gjennom eit dotterselskap.

Stangeland Gruppen-grunnleggjar Trygve Stangeland skal ha vore blant dei som var interessert i å bidra med kapital, fortel dei. Lund kjøpte òg ein einebustad i USA, og starta med utleige.

Dette er eit av punkta som erstatningskrava byggjer på. Duoan hadde venta å dra inn mange millionar på prosjektet.

Men det var før Skatteetaten kom.

Millionkrav

Parallelt med planane i USA, var Gramstad og Lund med på eit bustadprosjekt i Sandnes. I mai 2007 blei dei kontakta av ein utbyggjar om å hjelpe til med finansiering av Seljehagen på Forus, som sleit med å selje nok av leilegheitene sine.

Utbyggaren hadde behov for å vise at minst 80 prosent av einingane var seld.

Gramstad og Lund gjekk inn i prosjektet som privatpersonar saman med nokre andre frå Finanssenteret, og hjelpte utbyggjar ved å kjøpe fem leilegheiter kvar. Til saman var det snakk om 27 leilegheiter. Samstundes fekk dei inn garantiar for kjøp av desse leilegheitene til rundt 60 millionar.

Som takk for strevet gav utbyggaren dei ein munnleg avtale om rabatt på leilegheitene.

Ved sjølve kjøpet førte Gramstad og Lund rabatten som næringsinntekt for å vere på den sikre sida. Dei ville heller få tilbake pengane på skatten ved å klage til Skatteetaten i etterkant.

I 2009 sende Skatteetaten eit varsel om bokettersyn for likningsåra 2005, 2006 og 2007, for alle fem som fekk rabatten.

År Termin	Spesifikasjon	Forfall	Ubetalt beløp	
2007 06	Fastsettelse § 55.1-1	24.05.2011	kr	1 210 247
	Påløpte renter per d.d		kr	378 304
	Totalt		kr	1 588 551

Foto: Utdrag frå varsel om tvanginnkreving

Dette førte fram til eit vedtak i mai 2011, der Skatteetaten definerte rabatten som eigedomsmekling. Då skal det vere moms. Lund fekk eit krav på 1.588.551 kroner med betalingsfrist på 14 dagar. Gramstad fekk den same fristen for 1.025.870 kroner.

Begge to hadde sjekka dette nøye i 2007, og fann då ut at det ikkje skulle vere noko moms. Det fekk dei stadfesta av revisor. Dette er ei finansiell teneste, ikkje eigedomsmekling, og skulle difor vere unntatt meirverdiavgift.

Skatteetaten har seinare innrømt dette sjølv.

«Den store momssaka på Sandnes»

I tida mellom bokettersynet og vedtaket hadde Gramstad og Lund vore i kontakt med Skatt vest (som seinare har skifta namn). Først kom sjølve varselet om bokettersyn medan Lund var på ferie, utan at han fekk vere til stades då Skatt vest henta dokument frå rekneskapsføraren hans.

På vitjing hjå Skatt vest skal ein resepsjonist ha omtala saka deira som «den store momssaka på Sandnes», og partane meiner difor det blei eit prestisjeprosjekt for saksbehandlaren deira.

– På den tida var det ingen rapport, ingen vedtak eller noko ting, men det var allereie etablert som «den store momssaka», påstår Lund.

Seinare reagerte Gramstad sterkt på at saksbehandlaren utarbeida ein lengre rapport om saka utan å vere i kontakt med dei i det heile, ein rapport han skildrar som full av feil.



FRUSTRERTE: Lund (til venstre) og Gramstad (til høgre) syns Skatteetaten har overkøyrte dei fullstendig i saka. Dei trur mykje kunne vore unngått om etaten var meir interessert i å høyre på kva dei sa. Foto: Mikkjell Lønning

Lund meiner dei allereie då blei sett fullstendig på sidelinja i saka, og at ein dialog ville kunne stoppa det heile mykje tidlegare. I eit møte 12. januar 2011 opplevde Gramstad og Lund at dei blei forstått, men kort tid etter kom altså vedtaket om momsen.

– Me blei heilt sjokkert. Kva var det som føregjekk? Me hadde sagt i møte at me fekk betalt for garantiane, og ikkje noko mekling. Det kan uansett ikkje vere to eigedomsmeklarar på eit prosjekt, seier Lund.

Det var Sparebanken 1 Eiendom som var meklaren for prosjektet.

Gramstad og Lund var overbeviste om at dei hadde rett, og valde å stå på sitt. Dei nekta difor å betale. Då tok det ikkje lang tid før dei fekk kjenne på kva slags verktøy staten kan bruke mot dei som ikkje spelar på lag.


- Dømt som kjeltringar

Gode råd blei fort dyre. Både Gramstad og Lund visste at verksemda deira stod på spel med ei slik sak hengande over hovudet.

Lund starta med å sikre huset og familien ved å føre alt av eigedelar over på kona si. Han seier dei var heldige som hadde ressursar dei kunne leve på, og at dei kjende rettane sine godt nok.

– Slikt kan ikkje vanlege folk i ein liknande situasjon gjere, seier han, og peikar på at det ville vore umogleg å stått oppi dette utan å jobbe med saka sjølv. Med advokatar ville dei måtte gått ut med millionbeløp i året.





FULL STOPP: Bjørn Egil Lund kunne ikkje lenger drive som gjeldsrådgjevar etter at han fekk betalingsmerknadar. Han står oppført med null i inntekt og formue for fleire år på 2010-talet. Foto: Mikkjell Lønning

14 dagar etter vedtaket kom det eit varsel om at Skatteetaten ville ta utlegg i egedelane deira. Det blei tatt utlegg, og etter kvart fekk Lund varsel om tvangssal for fire ulike eigedomar.

– Då er du ikkje høg i hatten. Det er tøft å ha eit tvangssal hengande over deg. Du kan ikkje få kundar til å plassere sparepengane sine hjå deg når du er blitt stempla som momssvindlar, seier han.

Både Gramstad og Lund fekk betalingsmerknadar, og kredittratinga deira gjekk til botns. Sjansane for å få lån i banken forsvann over natta. Dei informerte kundane sine om det som hadde skjedd, som naturleg nok førte til at dei mista det meste av tilliten dei har bygd opp over nesten 30 år i bransjen.

– Me blei dømt som kjeltringar, seier Gramstad.

Yrkesforbod

Saka blei hengande som ei svart sky over både dei og familiane deira. Lund fortel at det ofte blei eit samtaleemne på besøk hjå andre, og han merka med åra at færre og færre hadde tru på at dei skulle vinne fram – og at dei var uskuldige.

– Me hamna i praksis i ei slags økonomisk varetekt, med eit yrkesforbod, meiner Gramstad.



7000 I MÅNADEN: Oddbjørn Gramstad fekk eit enormt inntektsfall etter momssaka starta.

Foto: Mikkjell Lønning

Han ramsar blant anna opp ein tur på butikken der han fann ut at han ikkje kunne få abonnement på Riks-tv på grunn av betalingsmerknaden. Det måtte setjast opp på kona hans i staden.

– Det er heilt umogleg å jobbe innan finans når du har eigne utlegg. Sjølv om du blir tilsett ein stad, i ei anna næring, så ligg det liksom i lufta: Kva om han tar underslag? seier Bjørn Egil Lund.

Begge to er klare på at dei ikkje hatt noko økonomisk naud av noko slag, men vil stå fram med forteljinga si for å vise kor gale det kan gå. Dei trur ikkje det er mange som har ressursane til å ta ein slik kamp.

– *Vurderte de nokon gong å berre betale inn pengane?*

– Ja, men berre i ettertid. Det hadde nok blitt betydeleg billigare. Men då hadde me måtte leve med stempelet som momssvindlarar for evig, seier Lund.

Tabbe førte til årevis med jobb

Kort tid etter vedtaket om momsen på eigedomsmekling, skriv Lund og Gramstad ein klage til skattenemnda.

Den første saksbehandlaren deira sluttar, og tre nye blir knytt til saka. Ei av dei hadde allereie gjort eit tilsvarande vedtak som det dei hadde fått, og det var denne saksbehandlaren som skal ta for seg klagen.

– Det viser at det er heilt umogleg å nå fram for oss. Skulle ho gitt oss medhald måtte ho ha oppheva sitt eige vedtak, meiner Lund. Han viser òg til at denne saksbehandlaren var fersk hjå Skatteetaten, og meiner ho gjorde fleire faktafeil rundt inntekta deira i ei innstilling som blei skrive etter klagen.

Dei prøvde å få ein anna saksbehandlar, men fekk ikkje dette.

Den 27. januar 2012 blei klagen sendt frå skattekontoret til Klagenemnda for Meirverdiavgift. Lund og Gramstad hadde utarbeida rundt 100 vedlegg til klagen, der dei gjekk i djupna på heile saksgangen og argumenterte for at vedtaket til Skatt vest måtte gjerast om.

Problemet er berre at klagenemnda aldri såg desse vedlegga.





KRANGLEBUÅ: Her har dei to brukt eit utal timar det siste tiåret. Foto: Mikkjell Lønning

Skattekontoret hadde nemleg ikkje sendt dei vidare. Dette får ikkje Lund og Gramstad vite før i 2015 igjen, som følgje av eit erstatningskrav. Skattedirektoratet har stadfesta at vedlegga ikkje blei med i klagen, men dei meiner dette ikkje har hatt noko effekt på utfallet.

–Til vanlig vil alle brev og vedlegg som kan tenkes å ha betydning for saken rutinemessig legges ved oversendelsen til klagenemnda, og vi konstaterer at interne rutiner ikke ble fulgt. Likevel mener Skattedirektoratet at denne feilen ikke kan utløse erstatningsansvar, heiter det i brevet.

Lund stiller seg særst undrande til at det ikkje skal ha hatt ein verknad på utfallet av klagen.

– Korleis i all verda skulle me ha vunne fram om me ikkje fekk forklare vår del av saka? spør han.

– Me forstod aldri kvifor me ikkje fekk medhald då. Men alle dokumenta våre hadde rett og slett blitt hive vekk, seier Gramstad.

Ukultur

19. desember 2013 sende skattekontoret i Bergen eit brev med 15 punkt til Skattedirektoratet, der dei uttrykte tvil om vedtaket i 2011. Dei ville at Skattedirektoratet skulle ta ei avgjerd.

Dette fekk ikkje Gramstad eller Lund vite om.

Brevet kom som følgje av eit besøk dei hadde på skattekontoret i Bergen, der dei snakka med dåverande seksjonssjef for Skatt vest. Lund skal ha vore i kontakt med seksjonssjefen fleire gongar for å purre på om ho hadde gjort noko med brevet, men fekk beskjed om at saka låg død.

I ein telefonsamtale med ein seksjonssjef i Skattedirektoratet kom det fram at brevet likevel var send. Intern korrespondanse viser at ho i Skatt vest kritiserte seksjonssjefen i Skattedirektoratet for å ha gått ut med informasjon om saka deira, og skreiv at det var uheldig at saksøkarane fekk innsyn i si eiga sak.

Lund meiner dette igjen viser kor lite interesserte skattekontoret var i å løyse saka deira, og at dei haldt tilbake informasjon. Han meiner det er ein ukultur i Skatt vest sitt kontor i Bergen, der saksbehandlarar får altfor mykje makt til å styre sakene.

Mykje av korrespondansen Sandnesposten har fått innsyn i er prega av uvanleg tunge og kryptiske formuleringar, noko Lund syns at gjer det ekstra krevjande å ha ein dialog med dei.

Ingen pause

Til slutt gjekk saka vidare, og den gongen kom alle vedlegga med.

Saksøkarane hadde deretter fleire møte med Skattedirektoratet, og det blei meir krøll fram og tilbake. Men det byrja å sjå lyst ut for å kunne setje punktum for saka.

Brevet som kom 21. august 2014 heng framleis på veggen i Kranglebuå.

Lund og Gramstad fekk fullt medhald i saka, og heile kravet om moms blei lagt vekk. Både for Seljehage-prosjektet og for nokre andre garantiar.

Det var det, tenkte dei då.

Avsluttende merknader

Vi finner etter dette at det ikke faller avgift på den resterende del av honoraret fra utbygger, som må anses som vederlag for formidling av en finansieringstjeneste etter mval § 3-6 bokstav b. Også denne del av etterberegningen, som ikke var påklaget, må således oppheves. Vi ber om at Skatt vest fatter nytt vedtak i samsvar med dette.

Vennligst oppgi vår referanse ved henvendelser i saken.

Med hilsen

Seksjonssjef

Skattedirektoratet

MEDHALD: Dette brevet frå august 2014 stadfestar at Lund og Gramstad hadde rett. Foto: Faksimile

Men, nei.

Lund og Gramstad fekk knapt tid til å senke skuldrene før Skatteetaten kom til dei med endå ei ny sak.

Du hugsar kanskje at dei to førte rabattane på kjøpet i Seljehagen som næringsinntekt, slik at dei kunne få omgjort skatten seinare. Dei endra difor likninga for 2007 etter at dei fekk medhald.

Same dag som varselet om medhald kom, fekk dei eit nytt varsel.

Då ville Skatteetaten endre likningane deira for 2005 og 2009.

– Dei skulle ta oss, meiner Gramstad.

Kan ha brote med likningslova

Problemet til Skatteetaten var at fristen for å gjere endringar på likninga er to år etter, med mindre likninga er tatt opp ved klage. Gramstad og Lund hadde berre klaga på likninga for 2007.

– Den fristen hadde jo difor gått ut mange år før dette, så me anførte at fristen var gått ut og at dei ikkje kunne ta opp dette igjen. Dette er ei sak som var så enkel som

å lese av datoen på ein mjølkekartong, seier Lund.

Dette blei dei ikkje høyrte på.

Skattedirektoratet oppfatter det slik at endringsvedtaket fra Skatt vest av 20. november 2014 var basert på opplysninger som avviker fra opplysninger i selvangivelsen. Videre er det i ettertid gitt ytterligere nye opplysninger som avviker fra dette vedtaket og som har medført nye endringsvarsler. Når det foreligger nytt faktum gjelder det tiårsfrist for endring av ligningen etter ligningsloven § 9-6 nr. 1.

Skattedirektoratet behandler i utgangspunktet ikke enkeltsaker da avgjørelsesmyndighet i slike saker ligger hos skattekontoret og skatteklagenemnda. Som et unntak har direktoratet i denne saken gjennomgått skattekontorets rettsanvendelse og saksbehandling, uten å ha funnet at skattekontorets behandling lider av feil.

NEKTAR Å HA GJORT FEIL: Skattedirektoratet meinte i 2015 at det ikkje er gjort feil i saksbehandlinga, og vurderte det slik at vedtaka var korrekte utifrå den informasjonen Gramstad og Lund hadde gitt i sjølvmeldingane sine. Her blei det igjen stadfesta at saksøkarane hadde rett i at det ikkje var MVA på kontraktposisjonane, men Skattedirektoratet påstod her at fristen for 2009-likninga ikkje var gått ut. Det viste seg å vere feil. Foto: Utdrag frå brev frå Skattedirektoratet i 2015

Mars 2015 fekk Gramstad og Lund pengane for skatten dei klagde på i 2014, og april 2015 la Skatteetaten varselet om likninga for 2005 vekk. Men samstundes gjorde dei eit nytt vedtak for 2009 – utan å vurdere at fristen for å gjere dette hadde gått ut.

– Det var ein grov saksbehandlingsfeil, spesielt då me hadde kome med anførsel, meiner Lund.

Skatteetaten varsla òg endring i vedtaket om 2007, der saksøkarane hadde vunne fram. Ligningslova paragraf 9-6, 5-b sa då at likningskontoret hadde fire månadar på å endre eige vedtak etter at vedtaket var formidla til skattytar. Denne fristen var gått ut.

– Då tenkte eg berre; no må de gje dykk. Me hadde nett vunne fram, så kom det plutseleg to nye saker. Det var heilt forferdeleg, fortel Lund.

- Gav ikkje den fulle sanninga

Månadane gjekk, og dei høyrde ikkje meir. Gramstad og Lund drog difor til skattekontoret i Bergen for å få eit møte med saksbehandlaren og leiaren der.

Skattekontoret meinte Lund hadde gjort ein feil ved føring av inntekt på sal av ei leilegheit i 2007. Dette var grunnen til at dei vil endre vedtaket for 2007. Lund kunne enkelt bevise at skattekontoret hadde misforstått der, og han opplevde at dei forstod dette.

Likevel blei ikkje saka lagt vekk.

Saksøkarane fekk hjelp hjå Frp-politikar Jørgen Næsje, dåverande statssekretær i Finansdepartementet. Dei fekk ein e-post frå Finansdepartementet som kunne stadfeste at paragrafen i likningslova gav dei rett.

– (...) *Forutsetningen er at varsel om overprøvingen er sendt skattyter innen fire måneder etter at vedtaket ble fattet*, heiter det i e-posten frå dåverande statssekretær Næsje. Dette er i tråd med kva Gramstad og Lund tidlegare hadde peikt på til skattekontoret.



AVVIST I TINGRETTE: Erstatningssøksmålet deira har blitt avvist to gongar. No satsar dei på at Oslo tingrett kan bli redninga. Foto: Mikkjell Lønning

E-posten blei sendt til skattekontoret, men utan nokon respons.

Det gjekk eit halvår til, og Gramstad og Lund gjekk til Jæren tingrett. Dei ville at saka skulle bli behandla på nytt, frå starten av.

Dagen før saka skulle opp i tingretten la Skatteetaten saka om varsel om endring av likninga for 2007 vekk. Ved å leggje vekk saka, hindra etaten at ho kom opp i tingretten. Skatteetaten viste ikkje til paragrafen som Gramstad og Lund førte, men heller ein annan.

Lund meiner at korrespondanse dei har funne i internposten til Skattedirektoratet viser at dei ikkje gav den fulle sanninga i grunngjevinga. Sandnesposten har fått innsyn i ein e-post frå ein seksjonssjef i Skattedirektoratet som seier at brevet til Gramstad og Lund «*tilkjennegir ikke de nærmere vurderingene bak konklusjonene*».

– Dei skriv ikkje den eigentlege grunnen. Dei lyg. Kor mykje styr kan dei halde på med? Dette er offentlege tenestepersonar som me betalar for, seier Lund.

Kasta ut av offentleg kontor

Januar 2016 fekk Gramstad og Lund ny saksbehandlar utan å få vite om dette. Skattedirektoratet, som først var klageinstansen deira for Skatt vest, blei med eitt motparten deira i saka.

Direktoratet meinte saka måtte opp i skatteklagenemnda.

– Det er så tankelaust at ein må la nemnda avgjere om ein frist er gått ut eller ikkje, å bruke så mange ressursar på å «lese av mjølkekartongen». Det burde dei verkeleg gjort før dei starta jobben med saka, meiner Lund.

Han meiner Skattedirektoratet prøvde å vri saka til at det var Lund og Gramstad som sjølv hadde klaga på likninga i 2009, som ville utløyst andre reglar for frist.



ENKELT: Både momssaka og saka om fristen handlar om banale spørsmål, meiner Lund. I den første var det rett og slett om dei dreiv eigedomsmekling eller ikkje, og i andre runde var det berre om datoen var passert eller ikkje. Foto: Mikkjell Lønning

– Det var ikkje det me hadde klaga på. Me klaga berre på at det blei gjort eit vedtak etter fristen var gått ut, seier Lund.

Då tok saksøkarane turen til likningskontoret i Stavanger for å forlange å få sjå ein kopi av klaga som dei visstnok hadde sendt inn. Der fekk dei ikkje innsyn i eigen sak.

Ein saksbehandlar på skattekontoret skal ha henta ein overordna, som stadfesta munnleg at dei ikkje hadde klaga. Men dette fekk dei ikkje skriftleg. Det fekk dei heller ikkje neste dag, eller dagen etter. Faktisk fortel Lund og Gramstad at dei blei bedt om å forlate lokale tre dagar på rad.

– Det er heilt sprøtt å bli hive ut av eit offentleg kontor når du har eit legitimt spørsmål om eigen sak, meiner Lund.

- Presentert som kriminell

Lund mista far sin fire dagar før fristen for å sende klage til nemnda gjekk ut. Saksøkarane hadde engasjert ein advokat til å skrive klaga deira, som bad om utsetjing på grunn av dødsfallet.

Det fekk dei ikkje.

Først då Lund sjølv tok kontakt på telefon og forklarte at han måtte ta vare på mor si, arrangere gravferd og andre praktiske ting, lét Skatteetaten dei få ekstra tid.

Samstundes hadde det blitt innført eit nytt system for behandling av klagen deira. I utgangspunktet var det saksbehandlar som skulle skrive innstillinga til Skatteklagenemnda, men etter sommaren 2016 var det eit uavhengig sekretariat på Forus som fekk ansvaret for dette.

Lund meiner skattekontoret mista makt med den nye ordninga, og at skattekontoret utnytta situasjonen ved å skrive ei utgreiing om saka som slo i hel klaga deira. Samstundes la skattekontoret med 355 vedlegg til utgreiinga og klaga, som Lund trur drukna saka fullstendig.

Det var derimot ikkje det verste, ifølgje Lund.

Som vedlegg nummer to hadde skattekontoret lagt ved ein skatterapport frå tidleg i 2011, der det stod at Lund skulda millionbeløp i moms, til og med monaleg høgare enn kva vedtaket mot dei i 2011 var på. Han fortel òg at det ikkje blei opplyst om at han var frikjend for dette, slik både han og Gramstad blei i august 2014.

Eit stort fleirtal av vedlegga som låg med klaga handla om den første saka som dei då var fullt frikjende for.

– Kva trur du dei i sekretariatet las først? Skattekontoret la med masse dokument som ikkje gjaldt i det heile. Det var i praksis eit falskt dokument. Det står i rapporten

der at eg skuldar 2,5 millionar i moms, utan at dei seier at det ikkje gjeld. Eg blei presentert som kriminell. Når dei i same slengen begravar saka mi med over tusen sider ... Det er så langt under beltestaden som du får det av ein offentleg instans, seier Lund.

– Dei vedlegga var som dasspapir å rekne, meiner Gramstad.

- Alt blødde

Gramstad og Lund var med i seks ulike møte med sekretariatet. Behandlinga av klaga tok godt over eit år, og Lund meiner sekretariatet blei gravlagd i ein veldig arbeidsmengd på grunn av alle vedlegga.

Så kjem vedtaket.

30. juni 2017 sender sekretariatet på Forus eit brev til Skatteklagenemnda der det står at skattekontoret må oppheve vedtaket om endring av likninga for 2009.

Oddbjørn Gramstad og Bjørn Egil Lund blir frifunne på alle punkt.

Oppsummering

Den skattepliktige gis medhold i at det ikke var adgang til å endre den skattepliktiges ligning etter at toårsfristen for endring for inntektsåret 2009 utløp. Konsekvensen av dette er at skattekontorets vedtak om å endre ligningen for inntektsåret 2009 oppheves.

Foto: Utdrag frå innstillingen frå sekretariatet i Skatteklagenemnda

For tredje gong viser det seg at verken Gramstad eller Lund hadde gjort noko gale. Alt arbeidet deira kunne ha vore unngått – både for saksøkarane, Skattetaten, Skattedirektoratet, sekretariatet og klagenemnda.

– I mellomtida sat me i låna. Kundane våre var vekke, alt hang og blødde. Eg fekk meg ikkje jobb. Det er så ekkelt å bu i ein kommune utan å bidra i det heile. Før

betalte me millionar i skatt kvart år. I dei siste ti åra har me knapt betalt noko, fortel Lund.

– Veit du, me brukte ikkje eitt sekund på skatteplanlegging i karrierane våre. Det var enklare for oss å gå ut og tene 100.000 kroner enn å bruke tid på å finne ut korleis me sparar inn 10.000 i skatt, seier han.

Avslag på forlik

16. januar 2018 fekk saksøkarane erstatning for sakskostnadar frå skattekontoret. Bjørn Egil Lund blei tildelt 90.111 kroner og Oddbjørn Gramstad fekk utbetalt 84.182 kroner.

– Det er vel knapt nok til å dekkje det me har brukt på trykksverte oppgjennom åra, seier Lund. Han fortel at det først og fremst er snakk om direkte utlegg dei har hatt, altså kostnadar til transport og liknande.

Eitt år seinare gjekk partane i møte om eit mogleg forlik i saka. Verken Lund eller Gramstad ønskja å gå til retten, og det ville heller ikkje dåverande juridisk direktør Jan Munthe Magnus i Skattedirektoratet.

Kort sagt

Oddbjørn Gramstad og Bjørn Egil Lund var i 2007 involvert i bustadprosjektet Seljehagen på Forus. Som takk for å ha skaffa nokre garantiar til utbyggaren for kjøp, fekk dei ein munnleg rabatt på kjøp av nokre leilegheiter. Garantiane og rabatten blei definert av Skatt vest som meirverdiavgiftspliktig. Både Lund og Gramstad får i 2011 store krav på denne



Advokat Bård Hansen sat opp eit forslag til erstatningssum på vegner av Lund og Gramstad, og sende det til Skattedirektoratet. 4. juli 2019 fekk dei avslag på kravet.

– Skattedirektoratet anså at ingen av de grunnleggende vilkårene for erstatningsplikt var oppfylt. I tillegg er det anført at erstatningskravet til saksøkerne var foreldet, heiter det i stevninga som no er sendt til Oslo tingrett.

Lund og Gramstad tok ut ei stevning for Jæren tingrett mot Skattedirektoratet om erstatningskrav 17. september 2019. Advokat Brynjar Meling sende inn ein retta versjon av denne 21. april 2020 etter at den første stevninga blei forkasta.

Også denne stevninga blei lagt vekk.

30. juni 2020 avviste Jæren tingrett søksmålet for manglande oppfylling av tvistelovens paragraf 9–2. Saka blei anka til Gulating lagmannsrett i oktober, som haldt på avgjerda til Jæren tingrett.

Kastar vekk pengane til skattebetalarar

– No sit me her og må ta rekninga sjølv. Dei har hatt uavgrensa med ressursar til dette, og no brukar dei regjeringsadvokaten og skattebetalarane sine pengar til å prøve å unndra seg frå å rette opp i feilen. Me vil berre ha pengane våre no. Me tar ikkje noko rente, og det har ikkje vore funne eit raudt øre av feil i rekneskapane våre, seier Lund.

– Offentleg forvaltning skal ikkje vere slik som dette, seier Gramstad.

Han føler at saka har vore ei spektakulær bortkasting av skattebetalarane sine pengar.

– Dei burde ha lagt seg flate med ein gong.

Lund meiner det er hårreisande at det blei noko sak i det heile, og reagerer sterkt på korleis Skattetaten har motarbeida dei frå første stund.





BITTER: Bjørn Egil Lund meiner Skatteetaten har stole dei beste åra hans frå han. Foto: Mikkjell Lønning

– Ein skal ikkje måtte utdanne seg som skatteadvokat for å levere ein klage. Me fillerista dei i alt av vedtak og varsel. Alt var gale. Me jobba i finans og hadde sjansen til å ta til motmæle, me hadde kunnskapane til å vite at me ikkje hadde gjort noko gale. Det har ikkje dei fleste, seier han.

– Dei har vore etterforskar, dommar og bøddel i eitt.

Gramstad seier samstundes at saka ikkje blei gjort opp i 2014 for dei tre andre som jobba i Finanssenteret, sjølv om dei var i nett den same situasjonen.

– Skatteetaten vil ikkje innrømme at det er gjort noko feil, meiner han.

– Ja, det å gjere noko gale er éin ting, men det er noko heilt anna viss du nektar å rette det opp, seier Lund.

- Tatt frå meg alle dei beste åra mine

Med stevninga i Oslo tingrett ønskjer Gramstad og Lund å setje punktum for eit årelangt strev som har prega alle aspekt av liva deira. For dei begge har det vore ekstremt frustrerende å bruke så mykje tid på nokre saker som eigentleg er veldig enkle. Den eine handla berre om det var moms eller ikkje på garantiar. Og den andre om å lese ein frist.

Likevel må dei framleis kjempe vidare.

– Me ønskjer ikkje at folk skal tru me har hatt det stakkarsleg, for det har me ikkje. Begge to har fått utbetalt ein del frå tidlegare investeringar, men alt av framtidige prosjekt har sjølvstøtt stoppa opp. Men det verste er vel at det offentlege har brukt ei veldig makt overfor oss basert på fleire feil, seier Gramstad.

– Offentleg forvaltning har eit ansvar overfor folket. Dei skal ikkje oppføre seg slik.

Lund syns det er spesielt trist at far hans døydde før dei fekk oppklart saka.

– Me har blitt litt asosiale av det heile. Det blir jo prat på bygda. Folk tenkjer; «*han har fin bil, bur på ein flott gard. Å, ja. Han har lurt unna, ja.*» Til og med far min fekk ikkje oppleve at eg blei frikjend, seier han.

– Dei har tatt frå meg alle dei beste åra mine. Tenk deg at du er i 40-45-åra, har passeleg med pengar, du er på topp. Det er tida eg skulle ha brukt til å spare til pensjonsåra mine og runde av karrieren.

- Betyr alt

29. januar kjem Regjeringsadvokaten med svar til innstillinga til Oslo tingrett. Saksøkarane er naturleg nok spente på kva som skjer.

Kona til Bjørn Egil Lund, Anne May Haugneland Lund (42), trur det vil bety enormt mykje om dei får gjennomslag.

– Viss me blir ferdig med dette, og får erstatning, vil det bety alt. For både planar og draumar. Dette er ei sak som har gått hardt utover oss, seier Haugneland Lund.

Ho fortel at det var spesielt første fase i momssaka som var verst.

– I byrjinga var det veldig intenst, og me såg nesten ikkje Bjørn Egil i det heile. Det har vore mykje venting, heile vegen. På eitt tidspunkt lurte han nesten på om han sjølv var gal. Så det var ei veldig lette då dei blei frikjende, seier ho.

Likevel er det framleis tungt å snakke om.

– Den beste tida i liva våre er borte.

Ingen kommentar

Advokat Håkon Christian Nyhus ved Regjeringsadvokaten seier at dei ikkje ønskjer å kommentere saka enno.

– Skatteetaten finn det ikkje rett å førehandsprosedere saka i avisene, seier Nyhus.

Han forklarar at dei aller fleste klagesakene mot forvaltninga blir avslutta etter at klagar får medhald, men det er nokre unntak.

– Nokre gongar blir det òg eit etterspel i form av at det blir reisa erstatningssøksmål mot staten, slik som i dette tilfelle, avsluttar Nyhus.

Skatteetaten har fått sjå over store delar av den ferdige artikkelen i forkant av publisering, og har fått høve til å svare på all kritikk og alle påstandar. Det vil dei ikkje gjere. Sandnesposten har likevel valt å leggje fram saksøkarane si historie.

– Skatteetaten kommenterer ikkje enkeltsaker, og ønskjer difor ikkje å kommentere påstandane som blir retta. Me ventar på tingretten si behandlinga av saka, seier Kari Alice Frønsdal, fungerande juridisk direktør i etaten.



 Folk Næringsliv Økonomi Skatteetaten Oddbjørn Gramstad Bjørn Egil Lund

Momssaken på Sandnes Sandnes Malmheim og Soma Sandnes sentrum

Kommentarer til denne saken

[Eldste](#)[Nyeste](#)[Populære](#)[Debattregler](#)[Logg inn](#)[Til toppen](#)

SANDNESPOSTEN

- Besøksadresse: Langgata 59, Sandnes • Postadresse: Langgata 59, 4306 Sandnes
- Telefon: 41 60 70 00 • Vakttelefon: 91 60 84 28 • E-post: redaksjonen@sandnesposten.no
 - [Ansvarlig redaktør: Frode M. Gjerald](#) • [Personvernpolicy / Informasjonskapsler](#)
 - [Redaktørplakaten](#) • [PFU](#)

Sandnesposten © 2021

